

# Bli fastgjevar.

Reint økonomisk er Møtepunkt B eine og åleine drive på dei midla vi sjølve gjev og skaffar. Vi får ingen statleg eller kommunal stønad. Vi betaler sjølve for lokala våre, straum og forsikring. Alle kostnadane med det å drive Møtepunkt B. Regionen har hjelpt oss mykje i ein startfase med lønna midlar til fellesskapsutviklar. Det er naturleg og viktig at vi vert sjølvhjelpe. Vi må dekke våre utgifter.

Den utviklinga og dei nysatsingane vi ser eller vil sjå, er ikkje berre eit resultat av gode ønskjer og fine draumar. Nei, det er direkte kopla til vår heilt konkrete og praktisk vilje til å helle ressursane våre inn i den draumen eller den satsinga. Det betyr at Møtepunkt B kan gjere det Møtepunkt B sine mange involverte medlemmar er viljig til å gje. Våre medlemmar ber i flokk – slik eit kristent arbeidsfellesskap bør.

## **Teologi**

Det er tre teologiske motorar, tre trussanningar som driv motivasjonen for gjevarteneste:

### **1. Skaping:**

Alt vi har, er gjeve oss. Sjølve livet er ei gåve! Vi eig det ikkje, vi har motteke det. Heile jorda og alt på den, høyrer Gud til. (Sal 89,12) Vi disponerer ho og forvaltar ho. Vi ønskjer å vere eit folk som disponerer og forvaltar raust. Difor deler vi med kvarandre og gjev også av pengane våre. Når vi gjer det, minner vi kvarandre om fylgjande: Alt eg har, er djupast sett ikkje mitt, men Gud sitt.

*Av det eg har fått, gjev eg tilbake –med takk og glede!*

### **2. Jesu rike nåde gjort gratis for oss:**

Jesus - som var rik, vart fattig for vår skuld slik at vi skulle få ta imot hans rikdom, gratis.

2. Kor 8 og 9 handlar om dette og er verdt eit studium.

Dersom det gamal-testamentlege gudsfolket gladelig gav 10% av alt dei eigde på basis av si gudsopenberring, kan vi kanskje spørje om ikkje vi er i større gjeld til nåden enn det dei var? Vi meiner: Har vi ikkje desto større grunn til å gje og dele raust, vi som har sett og tatt imot Guds grenselause nåde vist i Jesu liv, død og oppstode for oss?

Det er verkelig vanskeleg å halde hardt på "mine eigne" pengar og kjenne at eg ikkje vil dele med nokon, og samstundes sjå inn i augo på Jesus som gav alt for meg.

*Derfor gjev også vi, i glede og takksemd til vår Herre Jesus Kristus som gav seg sjølv for oss.*

### **3. Rettferd**

Vi bur i Guds skapte verd, som også er ei fallen verd. Det betyr at i verda er det nedfelt djupe, urettferdigheiter som råkar vilkårleg og brutalt. Vi i rike vesten må minne oss sjølve på at mykje av det vi har, har vi gjennom det høgst heldige faktum at vi er fødde akkurat her. Vi har vunne i Lotto!

Likeeins blir denne urettferdige skeivfordelinga halden i hevd av marknadskrefter og økonomiske modellar som ikkje lyfter fattige ut av fattigdom, men gjer rike menneske rikare.

Millionar vert fødde inn i fattigdom, utryggleik, krig og konflikt kvart einaste år, som ikkje fortinar den plassen. Det er djupt urettferdig!

Ved å gje i fattige si retning seier vi at denne forma for urettferd angår oss og rører oss. Av vår rikdom gjev vi for å avhjelpe fattigdom og nød i verda.

Det er umogleg å lese evangelia i bibelen og ikkje sjå Jesu hjarte for dei fattige og utstøtte og korleis han t.d. kallar den rike unge mannen til å selje alt han eig og gje til de fattige. (Matt 19, 21; Mark 10,21, Luk 11,41; 12,33)

Difor handlar disippelskapet vårt nødvendigvis om pengebruken vår også - og på eit mykje djupare og meir altomfattande plan enn kor vidt vi har gjevarteneste til ein misjonsorganisasjon eller kyrkjelyd.

Det handlar om å vere bevisst på den rolle du og eg spelar som økonomiske aktørar i ei verd med djupt urettferdige strukturar og føresetnadnar. Vårt kall er ikkje berre orientert rundt prosjektet "personlig helging". Det er også et kall til nedkjemping av urettferda i verda.

### Så kvifor gje?

Når vi gjer, seier vi noko om kva som er vår eigentlege rikdom (Matt 6,21). Vi lever ikkje lenger for oss sjølv, men for Kristus. Det livet vi fører, levast i trua på han som har frelst oss og gjeve seg sjølv for oss. (Gal 2,10)

Difor er det å gje livsviktig for Møtepunkt B og Møtepunkt B sine medlemmar.

- Gjevartenesta vår er ein direkte respons på **evangeliet** vi har motteke.
- Gjevartenesta vår er en integrert del av **disippellivet** vårt.
- Gjevartenesta vår byggjer **fellesskap** og minner oss om kven vi høyrer til (Kristus og hans familie – kyrkja)
- Gjevartenesta vår styrker og akselererer **mision i verda**, lokalt og globalt.

Som læresveinar av Jesus er vi frigjorte til å bruke pengar og rikdom som middel, ikkje som eit mål i seg sjølv.

## Guds Rike - perspektiv

### Ver motkultur!

Ingen vil tvinge deg å gje noko som helst her i Møtepunkt B. Vi er ikkje dogmatiske på mengda pengar, men vi er faktisk litt dogmatiske på motivasjonen. Difor seier vi ikkje "orsak" når vi oppmuntrar deg til å gje. Pengebruken din, og forholdet du har til pengane dine skal nemleg reflektere det faktum at du er ein kristen og forstår kva det inneber for deg. Når vi som fellesskapsfamilie, med Guds Ord som frimodiggjerande basis, kallar deg til å "føre eit liv som er Kristi evangelium verdig" (Fil 1,27) inkluderer det med heilt naudsynt pengane dine også.

Det du bruker pengar på syner nemleg kva som er viktig for deg. (Matt 6,21) Det er umogleg å leve som kyrkje og fellesskap (ei konkretisering av Guds gode herredømme) og som læresvein med ein utprega egosentrisk forbrukarmentalitet, der alt går til eiga tilfredsstilling. Då er ikkje evangeliet skrudd djupt nok ned i hjertet – vi forstår ikkje *kva* vi trur og kjenner ikkje *kven* vi trur på.

For evangeliet sjølv står i sterkt kontrast til "what's in it for me" haldningane som helst vil bruke mesteparten av ressursane på oss sjølve. Disippelliv og sjølvsentrert konsum er diamentalt motsette livsstilar. Og som kristne kallast vi til et anna liv – på nådens grunn.

En gamal kyrkjefader, Tertullian, skal ha sagt:

*"De hedningane deler konene dykker med alle, men bord med ingen. Vi kristne deler bord med alle, men konene våre med ingen."*

Det summerer opp noko, gjer det ikkje? På kva som skal kjenneteikne oss som trur?

### Satse og så

«OK, så er det kanskje mi kristne plikt», vil nokon no tenke. Men gjevarteneste handlar om så mykje meir og anna enn å gjere si kristne plikt. Det handlar om å investere ressursane sine, også å satse pengane sine -som det ofte fester seg så mykje urett til, til å vere med å sjå Guds rike ekspandere i verda vår.

Jesus sa i Lukas 16,9: *"Eg seier dykk: Bruk den uheiderlege Mammon til å vinna dykk vener som kan ta imot dykk i dei evige heimane når pengane tek slutt."*

Vi kan bruke pengane våre på ting som har evighetsverdi, og ikkje berre på det som umiddelbart er tilfredsstillande for eigen kropp, eigne auge eller eigen mage. Fordi vi gjev, kan vi utvikle fellesskap, drive barnearbeid, på sikt ungdomsarbeid, drive leiartrening og utrustning, invitere til t.d. Alpha-kurs, vere rause med bygda og behova der - som for nokre vil resultere i eit livsavgjerande møte med den levande og oppstadne Jesus Kristus.

Er du ikkje einig at det er slike ting som verkeleg tel?

## Nokre praktiske ting i høve med gjevarteneste?

### Kor mykje skal eg gje?

**Tommelfingerregel: strekk deg mot 10% av inntekta di... eller lenger.**

Som sagt. Vi vil ikkje være dogmatisk på mengda pengar du bør gi, fordi det er ganske lite snakk om dette i NT. GT opererer med 10%. Det finst bare ein plass i NT der tienda er nemnt, og det er i Matt 23 der Jesus konfronterer farisearane. Her vidareførar han praksisen med tiend. I vers 23 seier han:

*"Ve dykk, skriftlærde og farisearar, de hyklarar! De gjev tiend av mynte og anis og karve, men bryr dykk ikkje om det som veg meir i lova: rettferd, miskunn og truskap. Det eine skulle gjerast og det andre ikkje vera ugjort."*

Jesus vil ha hjarta deira, ikkje berre utvortes handlingar. De gjev tiend av absolutt alt, også av det som lova ikkje krev. Til dette seier Jesus at det er bra at dei gjer det, det er ein god praksis. Men problemet deira er at de *berre* gjev tiend. Men her stadfestar han tiend som en god praksis (*Det eine skulle gjerast*). I det heile verkar det til at NT tenkjer at nåden i Kristus er meir enn nok motivasjon til å gje, og har dermed ein mindre "lovisk" tilgang til gjevarteneste enn det vi finn i GT.

Det er mange forhold som gjer at vi ikkje vil seie at det er synd å ikkje gi 10%. Poenget er å gje hele livet til Gud. Også pengane våre. Ta utgangspunkt i dei pengane du faktisk disponerer. Vi tenkjer at einkvar kristen gjev, og gjev som eit offer. Å ofre noko er å gje noko som også grip inn i livsstilen (Mark 16,41-44). Fordi eg gjev dette, er det visse ting eg kanskje må avstå frå.

**For nokon vil det å gje 10% ikkje gripe inn i livsstilen i det hele tatt. Då treng du å gje meir.  
For nokon vil det å gje 6% gripe inn i livsstilen. Då kan samvitnet ditt vere reint.**

## Kor ofte og korleis skal eg gjje?

### Frå impulsstyrt og uregelmessig til planlagt og regelmessig gjevarteneste

Dei fleste av oss gjev uregelmessig og impulsivt. Dette er ikkje den beste måten du kan investere pengane dine på. Du bør gje pengar til noko som korresponderer med kall og lidenskap i hjartet, og forsikre deg om at pengane dine kjem til nytte. Det gjer du ved å forplikte deg over tid til nokre få ting og så gje regelmessig i same retning. Då er det mulig å bygge opp noko.

Det skaper ein forutsigbar situasjon for dei som mottek pengane dine, og det er ryddig og planmessig for deg som gjevar og for din eigen privatøkonomi.

## Kven skal eg gjje til?

Er det Møtepunkt B som skal ha all gjevartenesta mi? Nei, ikkje naudsynlegvis. Der er drøssevis av gode, kristne (og sekulære, for den saks skyld) organisasjonar som gjer mykje for dei fattige og andre "svakare" grupper i samfunnet, her i Norge og elles i verda.

Gjevarteneste vår skal vere motivert av rettferd og miskunn.

Men vi tenker det er en god regel at en stor del av gjevartenesta di går til din andelege familie og driftinga av det fellesskapet du kallar ditt. Vi trur ikkje på ei rotlaus "kristenvandring" utan forplikting til eit fellesskap. Misjon, kristen vekst og fellesskap vert svekka om ingen høyrer heime nokon plass. Derfor er den heilhjerta forpliktinga på eitt fellesskap saman med gjevartenesta di med på å markere kor du høyrer heime og kva plattform du vil ha liv og teneste utifrå. Altfor mange kristne er altfor spreidd både i deltaking og gjevarteneste på altfor mange prosjekt og fellesskap. Vi gjev litt til mange heller enn mykje til få. Vi oppmodar deg til å sjå Møtepunkt B som ein slik plattform og gje også av pengane dine slik at vi får sjå meir fellesskap, meir misjon og meir disippelskap og fleire leiatar ta form i og utifrå vårt felles arbeid!

## Kva går pengane eg gjev til Møtepunkt B til?

Pengane gjevne til Møtepunkt B går i hovudsak til drifta av Møtepunkt B, dvs. alt det fellesskapet har av økonomiske forpliktingar. I dette ligger bl.a. straum og forsikring, innkjøp av mat og div utstyr og utgifter med bedehuset. Vi starta på bar bakke januar 2018 og held til i eit gammalt bygg. Der er framleis innkjøp og investeringar i utstyr som treng å gjerast og bygget treng store oppgraderingar i åra som kjem. Vidare går 10% av pengane til misjonsprosjektet vårt i Bangladesh og 10% går som ei «tilbakebetaling» til regionen Normisjon

Når du gjev til Møtepunkt B, er du med å stimulere fram vidare arbeid med innhald, rammeverk og systembygging for frivilligkeit, utvikling av forkynning og undervisning for både born og vaksne, strategisk fellesskapsutvikling og planting av nye smågrupper, styrking av misjon (heime og ute) og ressursar til disippelskap og leiartrening. Kort og godt: Alt det Møtepunkt B gjer for å sjå Guds rike gå fram der vi ferdast gjennom det vi gjer.

Møtepunkt B har ingen planar om å sjølv verte rik og feit. Vi ønskjer å bruke av dei ressursane vi forvaltar samen på ein slik måte at vi er tru mot evangeliet sitt kall til oss: løfte opp undertrykte til ny verdighet og forkynne evangeliet for alle menneske, og invitere inn i fellesskap - så Jesus gjennom alt vi gjer vert æra! Kort sagt:  
***Jesu kjærleik for våre bygder gjennom våre liv.***

## **Bli fastgjevar**

Ver med å gje og ber Møtepunkt B økonomisk som aktivt medlem i fellesskapet. Bli fastgjevar! Det gjev ein forutsigbar situasjon for oss alle, og du kan kjenne at du verkeleg hører til og bidreg.

Heilt konkret kan du etablere fastgjevarteneste ved å følgje denne linken:  
<https://normisjon.profundo.no/lokallag?p=109229&n=Møtepunkt%20B>.

Der kjem du inn på ei side som let deg velje beløp. Du oppgjev navn, tlf, adresse og epost, før du vert sendt vidare til ei innloggingside med bankID for å gjere avtalen gyldig.

NB: i ein av dei siste stega der vil du sjå at du har etablert ei gjevarteneste til Normisjon. Og då stussar du kanskje – for det var jo Møtepunkt B eg skulle gje til. Du kan slappe heilt av – det er berre Normisjon sin database som handsamar vår gjevarteneste, slik at du får skattefrådrag på gåvene som du gjev. Gjevartenesta di går til Møtepunkt B.

Lurer du på noko, eller ønskjer du kanskje å auke beløpet etter kvart?

Dette kan du gjere frå Minside: <https://normisjon.profundo.no/minside> .

Her kan du for øvrig ha oversikt over kor mykje du til ei kvar tid gjev.

Om du tykkjer slike elektroniske løysingar er vrint å forholde seg til, kan du gjerne ta kontakt med oss på [post@motepunktb.no](mailto:post@motepunktb.no), så hjelp vi deg gjerne.

## **Frådrag på skatten**

Pengegåver på minst 500,- og maks 30 000,- kroner til frivillig organisasjon og/eller trus- og livssynssamfunn, får du fradrag på skatten for. Gåver/fastgjevarteneste til Møtepunkt B kjem under denne regelen. Så det er også økonomisk gunstig for deg å ha ei fastgjevarteneste.

Gjennom Normisjon sitt system vert dette innrapportert til skatteetaten automatisk. Om det ikkje kjem med i skattemeldinga di førstkommande år, kan du hente ut rapport frå Minside (sjå link over) og sende denne.

Mvh

Vegard Tennebø